



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
17/43186-7

Dykkar referanse: Vår dato:
17/1263 – 17/15977 07.06.2017

Uttale – Dispensasjon – Gnr. 123 bnr. 189 – Risasjøen – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 31.05.2017.

Det er søkt om å rive eit gamalt naust og føre opp eit nytt. I samband med dette fekk vi søknad om utvida bruk av avkøyrsla 04.04.2017. Vi vurderte at tiltaket var i samsvar med godkjent arealplan for området, og har difor handsama søknaden etter dette. Vi har gjeve eit førehandstilsegn til utvida bruk av avkøyrsla i vedtak av 02.06.2017 (vedlagt). Vi har satt som vilkår at avkøyrsla må opparbeidast i samsvar med våre krav før vi gjev eit endeleg løyve. Det er særleg sikta til venstre i avkøyrsla som må utbetrast.

Dersom kommunen vel å gje dispensasjon i dette tilfellet ber vi om at det ikkje vert gjeve igangsetjingsløyve til omsøkte naust før det ligg føre eit endeleg avkøyrsløyve etter veglova, jf. pbl. 27-4. Ut over dette har vi ikkje merknader til tiltaket.

Vi ber om å få oversendt kommunen sitt vedtak.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Vedlegg:
Førehandstilsegn
Krav til utforming

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø



Statens vegvesen

Arkitekt Knut Willie Jacobsen
Lurevegen 304
5912 SEIM

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
17/43186-4

Dykkar referanse:

Vår dato:
02.06.2017

Førehandstilsegn – Avkjørsle – Naust – Fv. 416 – Gnr. 123 bnr. 189 – Risasjøvegen – Lindås kommune

Vi viser til søknad mottatt 04.04.2017. Vi var på synfaring 05.05.2017.

Kva saka gjeld:

Det er søkt om avkjørsle til offentlig veg i samband med tiltak på nemnde eigedom. Eit gammalt naust skal rivast og det skal oppførast eit nytt på eigedomen. Det skal i tillegg etablerast to parkeringsplassar på nausttomta.

Tiltaket er opplyst å vere i samsvar med arealføremålet i *Kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden (2015)*, der arealet er avsett til spreidd naustbygging.



Figur: Siktsone retning venstre

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Avkøyrsla til fylkesveg oppfyller ikkje gjeldande tekniske krav til utforming slik ho ligg i dag. Krava tek utgangspunkt i skilta fartsgrense og trafikkmengde på hovudveg og tilkomstveg. På bakgrunn av dette kan vi ikkje gje eit løyve i dag, men eit førehandstilsegn om at løyve kan påreknast etter at avkøyrsla vert utbetra etter dei krav vi stiller. Vi vurderer at avkøyrsla tilfredsstillar dei krav vi setter til utforming, men at sikta retning venstre i avkøyrsla må utbetrast.

Det er opplyst at sikta vart utbetra for nokre år sidan etter pålegg frå Statens vegvesen. Når det vert søkt om ny eller endra bruk må vi likevel legge til grunn dagens krav til utforming.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§43](#) har vi fatta følgjande vedtak:

Det kan påreknast bruksløyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsla under føresetnad om at krava nedanfor vert oppfylte.

Veg/stad : Fv. 416 – hp 1 km 2302 / gnr. 123 bnr 189 i Lindås kommune

Vi gjer merksam på at tilsegna berre gjeld i høve til veglova. Vi gjer særleg merksam på at tiltak kan vere søknadspliktige etter plan- og bygningslova (kommunen) og at det kan vere behov for å avklare privatrettslege tilhøve.

Vi set følgjande krav:

1. Avkøyrsla skal vere ferdig utbetra i samsvar med vilkåra nedanfor og deretter kontrollert og godkjent av Statens vegvesen innan 3 – tre – år frå datoen på dette vedtaket, elles fell tilsegna bort.
2. Løyvet gjeld avkøyrsla til naustføremål.
3. Kommunen skal ikkje gje igangsetjingsløyve til omsøkte naust før endeleg godkjent avkøyrslaløyve frå Statens vegvesen føreligg, jf. plan- og bygningslova § 27–4.
4. Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsla skal vere minimum 45 meter til kvar side av køyrebana. Sikta fram- og bakover på vegen, målt 10 meter frå avkøyrslpunktet, skal vere minimum 45 meter. Eventuelle planter o,l i siktsonene kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter. **For denne avkøyrsla må sikta ordnast i retning venstre.**
5. Svingradius skal vere 4 meter (8 meter i diameter). Breidda i avkøyrsla skal vere 6 meter.
6. Stigningskravet må haldast (sjå skisse). Vi vil her gjere merksam på at avkøyrsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm dei første 2 meterane.

7. Det må vere snu- og parkeringsplass på eigen grunn. Det er ikkje tillatt å parkere siktsonene.

Eigaren eller brukaren av avkøyrsele har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrsele* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Statens vegvesen trekkje tilbake løyvet.

Arbeidsvarsling:

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/gravemelding/gravetillatelse>

Vidare saksgang:

Dersom du har spørsmål til opparbeiding av avkøyrsla kan du ta kontakt med sakshandsamar. Når avkøyrsla er opparbeidd i samsvar med våre krav sender du melding til Statens vegvesen region vest ved plan og forvaltning. Vi vil då kome på synfaring / kontroll før vi gjev bruksløyve. Endeleg godkjent avkøyrseleløyve vert sendt til søkjar med kopi til kommunen.

Rett til å klage:

Ein har rett til å klage på vedtaket jf. forvaltningslova §28. Fristen for å klage er tre – 3 – veker etter at vedtaket er mottatt. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Klagen skal sendast til Statens vegvesen, region vest, Postboks 43, 6863 Leikanger / firmapost-vest@vegvesen.no , som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning Bergen

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Vedlegg:

Krav til utforming av avkøyrsele


Kopi

Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ


KRAV TIL UTFORMING AV AVKØYRSLE utan gs-veg

PLANSKISSE AV AVKØYRSLE


Revidert
02/2017



LENGDESNITT I GRØFT VED AVKØYRSLE



SNITT GJENNOM MIDTLINE I AVKØYRSLE



MINSTEKRAV TIL SIKT I AVKØYRSLE

